

ommer ferierte jeg på en
mping. Omgivelsene var
sisk aktivitet.

skjerm- rasjonen



SKJERM: Nå må noe skje før barndommen forvitrer bak nedtrukne rullegar-
diner og foran flimrende skjermer, skriver Audun Jensen.

FOTO: SCANPIX/REUTER

- Få flest mulig elever til å gå el-
er sykle til skolen hele året. Syk-
kelbyen Hamar har nå tatt et su-
bert initiativ med gå- og
sykkelaksjonen som arrangeres i
samarbeid med skolene.
- Satsing på det nye valgfaget
fysisk aktivitet og helse i ung-
domsskolen. I HA 13.8.12 leser jeg
at rektor ved Ener ungdomsskole,
Oddbjørn Ervik, uttaler følgende
om de nye valgfagene:
«Spesielt gledelig er det at fy-
sisk aktivitet og helse er så popu-
ært blant elevene. Vi har lenge
hatt fokus på friluftsliv og fysisk
aktivitet her på skolen, så dette er
bra».
- Oppfordre SFO-ene til å satse
enda mer på fysisk aktivitet og
uteleker.
- Ruste opp skolegårder og del-
a i Trivselsleder-konseptet der et
utvalg elever er aktivitetsledere i

jonale satsinger
mes daglig fysisk
på Hamar ta sikte
mmune.

friminuttene. 700 skoler er nå
med på landsbasis.

- Innføre korte og regelmessige
Røris-økter i klasserommet som
avbrekk i tunge og stillesittende
teoriøkter.

- Gjennomføre flere friidretts- og
aktivitetsdager. I min tid på
Rollsløkken skole husker jeg med
glede den tradisjonsrike friidretts-
dagen på Hamar Stadion.

- Aktiv bruk av Naturskolens
unike tilbud. Flere praktiske ut-
eskoleopplegg gir barna mer be-
vegelse i skolehverdagen.

- Tilrettelegging for et større
mangfold av aktiviteter.

- Gi flere lærere etter- og vide-
reutdanning i kroppøving og ut-
eskole.

■ Jeg tror disse tiltakene vil gi re-
sultater ikke bare i form av bedre
fysisk og psykisk helse, men også
i form av bedre faglige resultater.

Svensk forskning (Bunkelflo-
prosjektet) har dokumentert at
spesielt guttene får bedre karakterer
når de har daglig fysisk aktivitet.

Like viktig er det at vi foresatte
setter klarere grenser for skjerm-
tid og stimulerer til mer fysisk aktivitet
på fritiden.

KARDEMOMMELOVA

Viktigare enn etnisitet

■ Etnisitet har blitt eit mykje
brukt omgrep igjen – berre
kort tid etter dommen over
han som forsvarte etnisite-
ten sin på ein veldig grotesk
måte.

■ Lars H. Alhaug skreiv 30.8.
om utrygge «etniske nord-
menn»; om låge «etniske»
fødselstal, at den «etniske
nordmannen» kunne bli ut-
sletta – og det er sosialistane
som får skylda.

«Etnisk norsk» blir definert
ved å gå tilbake i den norske
historia, men berre til Snor-
re.

I tillegg er det typisk norske
ting som rakefisk, lutfisk,
pultost, gammalost, ostehøvel
og Nielsen Hauge og Bibelen.

Dette er Alhaugs historie, og
det som gjer han etnisk norsk.
Det er «vår alles oppgave å
holde fast på våre røter, men
også å respektere andres».

Det verkar ikkje som om
Alhaug er innstilt på å respek-
tere andre sine røter, eller at
det er mogleg for andre å bli
ein del av den norske kulturen
og bli «etnisk norske» utan at
ein utslettar kvarandre.

■ Ordboka definerer «etni-
sitet» som «kulturell og geo-
grafisk bakgrunn for person
eller folkegruppe», utan å
seie kor mange særigenhei-
ter ein må dele, eller kor lenge
ein må ha budd innanfor det
same geografiske området.

Er alle som ikkje likar rake-
fisk eller lutfisk «uetniske»?
Er alle etterkommarane av
handverkarar som flytta til
Noreg på 1600-talet, «uetnis-
ke» fordi dei ikkje har røter
tilbake til vikingtida?

Var Snorre etnisk norsk el-
ler etnisk islandsk? Både ge-
netisk, språkleg og kulturelt
kan ein òg snakke om etniske
skandinavar, eller også ger-
manarar.

■ Som regel er det ikkje pro-
blem med folk frå nabolanda
våre eller andre germanarar.
Etnisitetsomgrepet blir først
trekt inn når det gjeld folk
med ei anna hudfarge eller
ein annan religion; og «verst»
er muslimane – for dei trugar
kulturen.

Ein gløymer då at kristen-
dommen i si tid gjennom vald
utsletta den gamle heidne
kulturen, eller at protestantis-

men fem hundre år seinare
meir eller mindre utsletta ka-
tolisismen i Noreg; og ein
gløymer at germanarane
trengde tilbake samane som
var etablerte i Noreg.

Desse blir i dag gjerne ikkje
definerte som etniske nord-
menn – sjølv om dei har ei
lang språkleg og kulturell his-
torie innanfor det same geo-
grafiske området, og sjølv om
den norske kulturen og nasjo-
nen har utvikla seg til det den
er i samspel med «dei and-
re».

■ Sjølv er eg norsk statsb-
orgar, kvit i huden, har norsk
namn, snakkar nordlending,
skriv både bokmål og ny-
norsk, underviser i norsk
språk og språkhistorie, et
både rakefisk og lutfisk.

Likevel meiner nokon eg
ikkje er «norsk nok» fordi eg
ikkje er fødd i Noreg. Sonen
min, snart 16, kan kanskje
heller ikkje kalle seg «etnisk
norsk» da, stakkar.

Han har «budd» enda kor-
tare tid i Noreg enn meg. Men
heldigvis har han etnisk norsk
mor.

Vel, det kjem jo an på defi-
nisjonen; røtene går tilbake til
1600-talet. Heldigvis lever so-
nen min i Noreg i 2012 og ikkje
i Tyskland før 1945, då ein
måtte kunne stadfeste etnisi-
teten i mange slektsledd bak-
over for å overleve.

■ Ein må gjerne diskutere
innverknader av kulturkon-
takt og migrasjon, men det
blir fort problematisk når ein
trekkjer inn omgrepet «etni-
sitet» for å legitimere kva som
definerer ein nasjon.

Eit demokrati består av in-
divid som har rett til å vere seg
sjølve på alle måtar. Det er re-
ligionsfridom, og ein kan ete
kva ein vil; rakefisk eller ke-
bab.

Det er verken gudstrua eller
matrettane som definerer ein
nasjon. Det er viljen til alle og
den enkelte til å gjere det bes-
te for samfunnet.

Kardemommelova er vikti-
gare enn etnisitet: «Man skal
ikke plage andre, man skal
være grei og snill, og for øvrig
kan man gjøre hva man vil».

Jens Haugan